

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 11.06.2014**

**Pål Kårbø** stilte spørsmål om han var ugild sidan han er styremedlem i Grieghallen AS. Fylkestinget vedtok samrøystes at Pål Kårbø var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e). Kårbø gjekk frå under røystinga.

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkestinget godkjenner ombygging av Peer Gynt-delen av Grieghallen for 35 mill. kr på vilkår av at ombygginga vert finansiert ved auka husleige frå Grieghallen AS til Grieghallen IKS.

Fylkestinget godkjenner at § 9 i selskapsavtalen for Grieghallen IKS vert endra slik:

"Selskapet kan ta opp lån til investeringsformål og til refinansiering av gjeld. Øvre låneramme settes til 340 mill. kr. Selskapet kan ikke stille garanti eller pantsette sine eiendeler til sikkerhet for andre økonomiske forpliktelser."